

Eit godt liv for alle



Partiprogram 2023 - 2027

Tysnes
SV

Desse stiller til val for Tysnes SV

- 1.** Gjermund Lygre Kongsvik
- 2.** Anders Lundevold
- 3.** Einar Aslaksen
- 4.** Gro Fjeldtvedt
- 5.** Ronny Bakkane
- 6.** Simen Haaland Lid
- 7.** Bernhard M. Auran
- 8.** Brita Løve Gjersvik
- 9.** Ruth-Johanne H.K. Aasheim
- 10.** Wenche Tornes
- 11.** Trond Høviskeland
- 12.** Hildegunn Sundfjord Høysæther

Hovudsaker – dette vil me jobbe for

Tysnes SV – Eit godt liv for alle!	4
Nei til Hordfast – Ja til natur og klima	5
Ny symjehall	6
Barn og unge – Barnehage, skule og SFO	7
Gode helsetenester for alle – Auke grunnbemannning	8
Landbruk - Næringsliv	10

Topp 5 kandidater



1. Gjermund Lygre Kongsvik Ordførarkandidat

54 år, familiefar og bestefar, busett på Flatråker. Det er godt å bu på Tysnes, men det kan bli enda betre. Born, ungdom, småbarnsfamilier, tilsette og eldre skal ha den kvalitet og tenester dei treng og fortene, og det kan me klare utan å øydelegge øya med 4-felts motorveg for at andre skal kome seg raskare fram.



2. Anders Lundevold

40 år og bur på Håland. Jeg ønsker å bidra til at Tysnes fortsetter å være et trygt og godt samfunn å vokse opp, leve, og bli gammel i. Et samfunn som ikke har et behov for å bli enda en forstad til Bergen, eller en øy man passerer på 10 min på ferden til et annet sted. Jeg er far til tre barn på Uggdal skole, sauebonde og brannkonstabel i Tysnes Brann og redning.



3. Einar Aslaksen

71 år, pensjonist, bestefar til 9 og bur i Våge. Utdanna sosionom, lang fartstid i yrkeslivet i leiarstillingar i helse- og sosialsektoren, aktiv i friviljug arbeid, oppteken av å redusera forskjellane mellom fattig og rik og bygging av ny svømmehall i kommunen.



4. Gro Fjeldtvedt

70 år og bur på Ve. Utdannet sykepleier, med mange år i fylkeskommunen innen HMS-arbeid og skoleverket som inspektør. Aktiv i Besteforeldrenes klimaaksjon. Jeg ønsker bidra til at kommunevalget blir et naturvalg. Vi må ta vare på våre jordressurser og ta havet tilbake til kystsamfunnet. Vi har en unik natur på Tysnes som er viktig å beskytte. Opptatt av folkehelse og ny svømmehall.



5. Ronny Bakkane

49 år og bur på Bakkane sør på Tysnes. Gift og har 2 barn. Jobbar som byggmeister og driv med hytte og båtutleige opptatt av miljø og sosiale rettigheter, og er sterkt motstandar av Hordfast. Andre ting på Tysnes som eg ser som viktig er å oppretthalda skule i Uggdal samt få jobba for ny og større barnehage for Uggdal.

Tysnes SV

- Eit godt liv for alle!

Tysnes SV sitt mål er eit sosialistisk demokrati, tufta på rettferd, framtidsretta klima, natur, miljøpolitikk og solidaritet. Menneske og miljø må gå føre profitt og Tysnes SV ynskjer ein inkluderande kommune med sterke fellesskap og små forskjellar. Me skal tenkje globalt og handle lokalt for å takle dei store natur og klimautfordringane me har. Me vil ha ein kommune som handlar, og ikkje berre pratar i møte med natur og klimakrisa. Tysnes SV krev at desse krisene også blir tatt på alvor i vår kommune, slik at me kan stå fram som eit godt eksempel og inspirera dei rundt oss. Me vil ha ein kommune der alle kan lukkast og ingen vert gjeve opp. Tysnes SV skal驱va målretta og systematisk politikk for alle Tysnesingar. Lytte og sette innbyggjarane i fokus i alle saker.

Me blir stadig fleir Tysnesingar. Kva betyr det? Jo, det fortel oss at det er godt å bu på Tysnes, ikkje bare for tilflyttarane, men òg for oss som allereie er så heldige å jobbe her, stifte familie her, gå på skule og barnehage her, vere ungdom, og bli gamal her.

Men det kan bli enda betre. Tysnes SV meiner det er mogleg å skape eit betre liv for innbyggjarar, ved å leggje til rette for ein livsstil med fokus på helse og tid til å prioritere andre verdiar enn ein skadeleg og nyttelaus auke i forbruket. Me har laga oss ein kunstig livsstil der me fjernar oss meir og meir frå naturen på eit vis som er farleg for både oss sjølv og planeten vår. Me har eit stort overforbruk av både mat, ting og energi. Tysnes SV vil freista å påverke politikken slik at det vert lagt til rette for at me endrar livsstilen vår i ei meir berekraftig retning. Og det kan me klare utan å øydeleggja store delar av øya vår med 4-felts motorveg for at andre skal få nokre minuttar kortare reisetid. Tysnes treng ikkje Hordfast.

Helsing Gjermund, leiar og ordførarkandidat

Nei til Hordfast

- Ja til natur, miljø og klima

Alle utslepp og naturøydeleggingar skjer ein stad, dei skjer òg i eit lokalsamfunn.

Det er sjølv sagt for oss at også Tysnes Kommune si rolle er avgjerande, og Tysnes SV skal vera ein pådrivar for at me tek ansvar for vår felles framtid.

Unike kyst- og fjellandskap og store naturområde i Vestland står i fare for å bli raserte av trafikkaukande og naturøydeleggjande motorvegar, vindkraftutbygging på land og hyttebygging.

SV vil styrkja innsatsen for å ta vare på truga natur. Me må følgja opp dei internasjonale pliktene til Noreg, sikra naturmangfaldet gjennom meir vern, stoppa øydelegging av naturen og restaurera meir natur.

Me ser behov for strengare og tydelegare arealpolitikk gjennom utarbeidning av arealrekneskap, og handheving av nasjonale og regionale mål gjennom eit tydeleg regionalt planverk.

Tysnes kommune er sertifisert som miljøfyrtaårn. Det skal me være stolte av, og det skal forplikta. Me vil sjå dette igjen i gode tiltak og tydlege prioriteringar av natur, miljø og klima i innkjøpspolitikk og alt av kommunen sitt virke.

Tysnes SV vil:

- Sei tydeleg nei til Hordfast med bru over Bjørnefjorden.
- Sei nei til vindmøller på Tysnes.
- Opprette naturreservat på Reksteren for å bevare regnskog.
- At det skal forplikte å være eit miljøfyrtaårn – det skal me sjå i alle val kommunen tek.
- Jobba for at kommunen får ein eigen miljø- og klimakoordinator.
- La omsynet til natur og klima vege tungt i arealpolitikk og ikkje gje dispensasjonar der naturen og klima betaler prisen.
- Framskynde arbeidet med å bytte ut kunstgras og gummigranulat på fotballbanen på Reiso.
- Jobbe for gang og sykkelsti mellom Våge og Uggdal.
- Etablere tilbod for lading av el-bil til alle kommunalt tilsette.
- Prioritere betre tilbod og vilkår for miljøvennleg kollektivtransport, utforme trygge og gode haldeplassar.
- Prøve ut ordning med «fleksibel transport»



Ny symjehall

Etter opplæringslova inngår symjeopplæring, sjølvberging og livredning i kroppsøvingsfaget. Norske symjeferdigheter er på siste plass i Norden og Tysnes kjem därleg ut n.d.g. symjeopplæring i skulen samanlikna med andre kommunar.

Kapasiteten i noverande basseng er fullt utnytta og det er ikkje kapasitet til å setje i gang nye grupper i symjeopplæring i regi av Tysnes Symjeklubb. Bassenget er berre ope halve året.

Noverande basseng er meir enn 50 år gammalt og har omfattande oppgraderingsbehov.

TYSNES SV meiner det er viktig å satse på symjeopplæring i skulen i regi av Tysnes Symjeklubb, særskild sett opp mot vår geografi som ein øykommune.

TYSNES SV meiner det er därleg økonomi å bruke betydelege summar til oppgradering av eksisterande basseng som berre er 12,5 meter langt og som ikkje vil stetta framtidige behov, og har begrensningar med tanke på opplæring, konkuransar og offentleg badning.

Det er ei framtdsretta investering både i høve symjeopplæring frå barnehagealder og offentleg badning for ulike brukargrupper inkl. funksjonshemma og personar med ulike helseplager.

Bassenget må vera eit 25 meter konkuransebasseng med 6 banar og ha eit terapi/opplæringsbasseng. Med større basseng, terapibasseng og universell utforming ser TYSNES SV eit stort potensiale i eit folkehelseperspektiv.

Det er mogeleg å føreta ei slik investering med ei tredeling av kostnadene mellom kommune, spelemidlar og andre tilskot. Generalforsamlinga i Tysnes Kraftlag AS har avsett 15 millionar til ny symjehall og eit 25m konkuransebasseng basseng vil totale spelemidlar utgjere om lag 30 millionar etter dagens satsar.

Med solcellepanel på taket og bruk av ny teknologi vil det kunne gje reduserte straumkostnader.

Ny symjehall vil og kunne ha synergieffekt i høve reiseliv og vekst.

Tysnes SV vil:

- Jobbe for at ny symjehall vert realisert mot slutten av kommunevalperioden

Born og unge - barnehage, skule og SFO

**Barn og unge er eit viktig fundamentet for kommunen, som det sjølvsgart er verd å satse på.
Lukkast me her har det gode ringverknadar.**

Ingen born er like, men alle har lik rett til å bli sett, og alle skal bli vareteke av kompetente vaksne som har tid til den einskilde. Me vil jobbe for at bemanningsnorma i skule, SFO og barnehage skal være ei minimumsnorm som vert følgt gjennom heile opphaldstida.

For å førebu barna på framtida er det viktig å dyrke motivasjon, nysgjerrigkeit, og gleda over å lære og å meistra. Me heier på og stetter initiativ som blå skule og grøn skule, og på korleis barnehagane er flinke til å bruke naturen rundt seg.

Me ser på dagens skulestruktur som ein trygg og god inngang til skulekvardagen for dei minste. Tysnes SV ser ikkje behovet for å bygge ny skule. Me ynskjer å bygge ny barnehage i Uggdal.

God næring gjev eit godt grunnlag for læring og alle barn i grunnskulen bør få eit gratis skulemåltid. Forsking viser at dette er eit veldig nyttig tiltak for dei som trenger det mest.

Tysnes SV tar på alvor det stresset som mange barn, unge, og barnefamiliar føler på i kvardagen. Me meiner at borna bør ha leksefrei når de kjem heim frå skulen, og ha meir tid til leik, familien, og læring. Ved å gjere om heimelekser til skulelekser, kan me gje alle elevar like forutsetningar for å meistre skolen, ikkje berre dei som har moglegheit til å få leksehjelp frå foreldra når dei kjem heim.

SFO er ein viktig arena for innkludering og utjamning av sosiale skilnader. SFO bør være tilgjengeleg for alle elevane på småskulen uavhengig av familien sin økonomi og prisen for SFO-plass må reflektere dette. Tysnes SV har som mål at SFO skal bli gratis.

Heildagsskule kan være ein måte å svare på fleire av desse utfordringane, og me vil jobbe for å prøve ut heildagsskule på ein av skulane så snart som mogleg.

Tysnes SV vil:

- At gjeldande bemanningsnormer skal vera eit minimumskrav, både i barnehage, skule og SFO.
- Behalde eksisterande skulestruktur.
- Bygge ny barnehage i Uggdal.
- Sette i gang forsøk med heildagsskule på Uggdal skule med mål om å hauste erfaringar og utvide til heile kommunen.
- Gje tilbod om gratis skulemat.
- Vidareføre og satse på blå og grøn skule.
- Billigare SFO – gratis på sikt!
- At ungdomsrådet blir ein meir naturleg del av kommunepolitikken.
- Oppretthalde og vidareutvikle Treffstaden.
- Arbeide for å få oppretta båtrute til Fusa VGS.
- Jobbe for å få tilbake eit regionalt opplæringskontor.



God helsetenester for alle – auka grunnbemanning

**Rettferdig fordeling og sosial utjamning er det viktigaste me kan gjera for god helse.
Dette gjeld gjennom heile livsløpet, frå barndom til alderdom.**

Tysnes SV vil arbeida tett med pasientorganisasjonane, brukar- og aksjonsgrupper for å sikre rett til medbestemming. Alle skal ha full tilgang på nødvendig helsehjelp, og bli møtt med omsorg og profesjonalitet. Kvaliteten på heile kjeda er eit offentleg ansvar. Alle ledd av helsetenesta må vera kunnskapsbasert og ikkje styrt av privatøkonomiske interesser.

Det skal også vera godt å være gammal og omsorgstrengjande i kommunen vår. Dei som treng kommunale tenester har mykje kunnskap om kva dei treng, og utforming av tenester må skje med brukarmedverknad. Det er viktig at me viser tillit til dei som treng tenestene og dei som jobbar nærmare brukarane.

Den viktigaste ressursen i helseteneste er dei tilsette, og det må leggast til rette for at ein kan ha ein lang karriere som helsepersonell i kommunen igjennom fagleg utvikling og godt løsnivå.

Behovet for helsetenester innan psykiatri er aukande og store konsekvensar for dei det gjeld, for pårørande og for samfunnet. Me trenger gode lågterskeltilbod med korte ventetider, og tverrfaglege team til kompliserte utfordringar. Tysnes SV ser verdien av eit godt oppfølgings- og bustadttilbod med gode oppsøkjande tenester til menneske med alvorlege og samansette psykisk helse- og rusutfordringar.



Tysnes SV vil:

- Auke grunnbemanningsa og tilby fleire faste stillingar, for å sikre kvalitet, fagleg utvikling og kontinuitet i tenestene..
- Sikre at Frivilligsentralen har naudsynte rammer til å halde fram med gode aktivitetstilbod.
- Større fokus på universell utforming i planarbeid og i kommunen sine areal.
- Større fokus på haldningsarbeid og at Tysnes er ein AV-OG-Til-kommune.
- Styrke barnevernet.
- Vidareføre tilboden på Treffstaden og sikre ungdommen tilgang på kompetente vaksne.
- Halde fokus på den viktige satsinga med kompetanseuke innan psykisk helsearbeid i ulike tenester som barnehagar, skular, NAV og på arbeidsplassar.)
- Ha eit kompetanseløft innan psykisk helsearbeid i ulike tenester som barnehagar, skular, NAV og på arbeidsplassar.
- Auka sosialhjelppssatsar, med særskild fokus på låginntektsfamiliar.
- Arbeide for at tannhelse likestilla med anna helsehjelp.
- Gjennom kompetanseutvikling sikre tverrfaglege bemanning i heimetenestene for å handtere dei komplekse oppgåvene som er overført kommunen.
- Styrke demensomsorga
- Ha auka fokus på psykisk helse i eldreomsorga.
- Satse på lærlingar og kompenserer tilsette med rettleatingsansvar.

Landbruk - næringssliv

Verdens landbruksproduksjon er i rask endring på grunn av både politiske endringer, befolkningsvekst, klimaendringer, naturøydelegging og krigen i Ukraina. I en slik situasjon er det ekstra viktig at alle areal som vert brukt til matproduksjon blir ivaretatt og ikkje gror igjen, i Norge og globalt.

Me er heldige på Tysnes med mange gode lokalproduserte produkt. Tysnes SV ønskjer å styrka vilkåra for at bøndene kan produsere berekraftig og miljøvennleg mat. Tysnes kommune bør legge til rette for at økologisk og lokalprodusert mat vert tilgjengeleg for fleire.

Landbruket bidrar til spedit busetjing og livskraftige bygder i heile landet, og ivaretaking av naturmangfald og kulturarv. Tysnes kommune må ta eit ansvar gjennom å følgje opp bu- og driveplikt på landbrukseigedommar. Det må vere og eit krav om å halde matjord i hevd, enten av grunneigar sjølv, eller ved å leige ut eller betale andre for å drive jorda.

Tysnes SV vil:

- Sikre vern av matjord skal prioriterast i planverk og utbygging.
- Legge til rette for økt lokal matproduksjon.
- Styrke matberedskapen lokalt.
- Prioritere tilskot som bidreg til auke i økologisk produksjon.
- Oppretthalde bo- og driveplikt og konsesjonslovene.
- Opprette eit kommunalt tilskot til drenering og grøfting.

Næringsliv:

- Ta vare på og bygge opp/støtte eksisterande verksemder.
- Ikkje vere ein brems, men heie på gründera og nye idear.
- Ha tilgjengeleg/regulert «areal» når nokon spør.





Tysnes
SV Eit godt liv for alle!